

Langeheida

Bjørnastighornet

Austegga

Liadalsnipa

Nykkjvatnet

B

A

Storhaugen

Nakkevatnet

Liadalen

Den dramatiske reisninga til Liadalsnipa tek luven frå dei andre fjella kring *Liadalsdalen*. Eit allsidig turterreng for alle årstider opnar seg innover frå *Liadalsetra*, med skarpe fjellryggar og greie overgangar.

3.9 Liadalsnipa

Ha respekt for rutene til den spennande *Nipa*, som fjellet heiter i daglegtale. Du kan klyve opp utan tau, men då skal du ikkje trø feil i torvbakken i nordsida.

E39 ligg nesten 1000 loddrette meter under toppen, og der nede finn du skiltet "Halse 1,2". Parker på garden, og vis omsyn. Gå traktorvegen i retning toppen. Stien snor seg gjennom bratt skog opp åsryggen til ope terreng mot *Nakkevatnet*.

A. Liadalsruta. Tung rute frå **140-924 m** med utsett **klyving** siste 100 m. **3 t, 2 km.**

Den mest brukte ruta går frå osen ved *Nakkevatnet* bratt opp på *Storhaugen*, og held fram oppover fjellryggen. Nokre luftige passasjar før du kjem opp under hamrane i 800 m høgde, og går inn i torvbakken i nordsida. Sidan det er vrient å finne forankringspunkt, klyv dei fleste til topps utan tau.

B. Austegga. 3-4 km frå Halse. **Midtels tungt** opp til *Nipesletta*. **Klatring** grad 2-3 til toppen.

Frå *Nakkevatnet* vert stien litt uklar vidare inn i dalbotnen og opp til *Nykkjvatnet*, eit turmål i seg sjølv på kanten mot *Skorgeura*. Lett terreng vestover *Nipesletta*. Mange klyv ned i bratt terreng litt nede i sørsida, og går opp



E39 mot Ørsta

3.9

3.10

Mot Liadalsetra

P
Halse

i skaret. Går du skarpaste egga, bør du ta rapell ned i skaret. Vidare vert det enkel klatring opp to bratte hamrar på den luftige austegga. A og B gir ein fin rundtur.

Ekkoruta. Frå E39 nærare Lianeset opp *Ekkodalen* og austegga, nemnt i *Nipeboka*. Sjå historiekapittelet om vindfløya som vart rigga opp på toppen av *Liadalsnipa* under krigen.

Bjørnastighornet, 940 m, når du på ein bratt svipptur opp frå *Nykkjvatnet*. Toppen er eit lite påakta og flott turmål, til liks med grottene langt oppe i øvre del av *Skorgeura*.

Hyingane, 1018 og 925 m, er luftige toppar på ein taggete fjellrygg sørover frå *Ørstamunnen*. Enklaste ruta opp går i litt fuktig terreng austover frå *Liadalsetra*. Ingen tydeleg sti.